

FFI RAPPORT

MILITÆRE INSTALLASJONAR SOM TERRORMÅL I FREDSTID? Ein gjennomgang av faktiske terroranslag mot militære installasjonar på 1990-talet

LIA Brynjar

FFI/RAPPORT-2001/03419

FFISYS/776/161.1

Godkjent
Kjeller 17 juli 2001

Jan Erik Torp
Forskningsjef

**MILITÆRE INSTALLASJONAR SOM
TERRORMÅL I FREDSTID? Ein gjennomgang av
faktiske terroranslag mot militære installasjonar på
1990-talet**

LIA Brynjar

FFI/RAPPORT-2001/03419

FORSVARETS FORSKNINGSINSTITUTT
Norwegian Defence Research Establishment
Postboks 25, 2027 Kjeller, Norge

FORSVARETS FORSKNINGSINSTITUTT (FFI)
Norwegian Defence Research Establishment

UNCLASSIFIED

P O BOX 25
 NO-2027 KJELLER, NORWAY
REPORT DOCUMENTATION PAGE

SECURITY CLASSIFICATION OF THIS PAGE
 (when data entered)

1) PUBL/REPORT NUMBER FFI/RAPPORT-2001/03419	2) SECURITY CLASSIFICATION UNCLASSIFIED	3) NUMBER OF PAGES 30
1a) PROJECT REFERENCE FFISYS/776/161.1	2a) DECLASSIFICATION/DOWNGRADING SCHEDULE -	
4) TITLE MILITÆRE INSTALLASJONAR SOM TERRORMÅL I FREDSTID? Ein gjennomgang av faktiske terroranslag mot militære installasjonar på 1990-talet MILITARY INSTALLATIONS AS TARGETS OF TERRORIST ATTACKS IN PEACE TIME? A Survey of Attacks on Military Installations by Terrorist and Insurgent Groups During the 1990s.		
5) NAMES OF AUTHOR(S) IN FULL (surname first) LIA Brynjar		
6) DISTRIBUTION STATEMENT Approved for public release. Distribution unlimited. (Offentlig tilgjengelig)		
7) INDEXING TERMS IN ENGLISH: IN NORWEGIAN:		
a) <u>Terrorism</u>	a) <u>terrorisme</u>	
b) <u>Asymmetric Warfare</u>	b) <u>asymmetrisk krigføring</u>	
c) <u>Sabotage</u>	c) <u>sabotasje</u>	
d) <u>Threats</u>	d) <u>trusler</u>	
e) <u>Base Defense</u>	e) <u>baseforsvar</u>	
THESAURUS REFERENCE:		
8) ABSTRACT This short study examines empirical examples of attacks on permanent military installations and bases by insurgent and terrorist groups during the 1990s, focusing on incidents, which took place in democratic countries or against democratic countries' military bases abroad. It lists a range of motives by the perpetrating groups, and the spectrum of weapons used in the attacks. The study shows that only a small fraction of the total number of terrorist attacks have been directed against permanent military installations. In most cases the purpose has been to threaten, injure or assassinate military <i>personell</i> , not disrupt or disable physical military infrastructure. The United States' and to a lesser extent British military bases, appear to be far more exposed to terrorist attacks than those of other democratic countries. Motives by the perpetrating groups range from general grievances over foreign military presence (the most common cause of attack), opposition to 'foreign' rule by separatist movements, and opposition to the symbols of world capitalism by leftwing ideological movements, to more case-specific grievances such as protests against Western participation in the Gulf war in 1991. Weapons used by terrorist groups in the attacks span the whole range of small arms and bombs — from small firebombs to huge multi-tons truck bombs. On some occasions, mortars, rocket propelled grenades and light anti-tank weapons have been used. We have recorded only one (unsuccessful) attack with non-conventional weapons on military installations. The study concludes that Norwegian military bases, frequented by British and American personnel deserve extra attention from anti-terrorist agencies.		
9) DATE 17 juli 2001	AUTHORIZED BY This page only Jan Erik Torp	POSITION Director of Research

ISBN-82-464-0528-4

UNCLASSIFIED

SECURITY CLASSIFICATION OF THIS PAGE
 (when data entered)

INNHOOLD

	Side	
1	FØREMÅL OG AVGRENsingAR	7
2	OVERSYN OVER TERRORANSLAG MOT MILITÆRE BASAR	8
2.1	Terrorgrupper og målutveljing: Militære versus sivile mål	8
2.2	USAs utanlandske militære basar er mest utsette for åtak	11
2.3	Europeiske statar	12
2.3.1	Storbritannia og Tyskland	12
2.3.2	Frankrike	13
2.3.3	Spania	13
2.3.4	Italia	14
2.3.5	Hellas	14
3	MOTIVASJON	14
4	VÅPEN SOM TERRORGRUPPER HAR ANVENDT I ANSLAG MOT MILITÆRE ANLEGG	16
4.1	Lette handvåpen	16
4.2	Bomber	16
4.3	Avstandsleverte eksplosiv	17
4.4	B- og C-våpen	17
4.5	Sjøbaserte våpen	18
5	SLUTTKOMMENTAR	19
6	LITTERATUR OG KJELDER	20
A	APPENDIKS: TERRORANSLAG MOT MILITÆRE ANLEGG PÅ 1990-TALET	21
	Fordelingsliste	28

MILITÆRE INSTALLASJONAR SOM TERRORMÅL I FREDSTID? Ein gjennomgang av faktiske terroranslag mot militære installasjonar på 1990-talet

1 FØREMÅL OG AVGRENSINGAR

Denne korte rapporten vart skriva til bruk på arbeidsmøtet “Workshop – Framtidig trussel mot nasjonale forsvarsanlegg i et 20-30 års perspektiv” 26 juni 2001 på Forsvarets forskningsinstitutt, Avdeling for beskyttelse og materiell (BM).¹ Studien er ein del av forskingsprosjektet “Terrorisme og asymmetrisk krigføring” (TERRA) ved FFI.²

Utgangspunktet for denne korte oversynsstudien er eit datamateriale om terroråtak mot militære installasjonar, samla inn frå den anerkjende databasen over transnasjonal terrorisme ITERATE (Mickolus), supplert med data frå *US Department of State* for perioden 1995-99, databasen til *International Policy Institute for Counter-Terrorism* (Israel, Herzliya, <http://www.ict.org.il>), samt *WMD Terrorism Database* (Monterey: Center of Non-Proliferation Studies, oppdatert februar 2001). Forfattaren har også fått god bistand frå førsteamanuensis Jan Oskar Engene ved Universitetet i Bergen og den anerkjende databasen hans over innanlandsk terrorisme i Vest-Europa 1950-1999 (TWEED).

I denne studien er vi først og fremst oppteken av å kaste lys over førekomsten av terroråtak i fredstid. Terrorismen oppstår ikkje av seg sjølv i eit sosioøkonomisk vakuum, men er sterkt prega av den politiske konteksten. Førekomsten av denne type politisk vald er bl a avhengig av politisk styresett og i kva grad staten er ramma av ein intern valdeleg konflikt.³ For at vurderinga av ein potensiell trussel mot norske militære installasjonar skal bli nokolunde realistisk har vi derfor sett bort frå terroraksjonar mot militære installasjonar og basar i statar

¹ Forfattaren vil rette ein særleg takk til førsteamanuensis ved Institutt for sammenlignende politikk ved UiB, Jan Oskar Engene, for nyttige kommentarar og for å ha gitt meg tilgang til data frå TWEED-databasen til denne studien, og til forskingsassistent Jørgen Knudsen for hjelp til kjeldeinnsamling.

² TERRA-prosjektet har publisert FFI-rapportar med følgjande titlar: “Why Terrorism Occurs - A Survey of Theories and Hypotheses on the Causes of Terrorism”; “Globalisation and the Future of Terrorism: Patterns and Predictions”; “Er sivil infrastruktur sannsynlege terrormål i fredstid? Nokre førebelse konklusjonar om terrorisme som ei tryggingspolitisk utfordring i Norge”; “Asymmetri .. asymmetrisk krigføring .. asymmetriske truslar: Bruken av asymmetriomgrepet i tryggingspolitisk og militærteoretisk litteratur”; “Terrorism, Political Violence and Organised Crime – Security Policy Implications of Non-State Actors’ Use of Violence – Proceedings from an international seminar”. Følgjande FFI-rapportar er i kjømda: “Islamist Insurgencies, Diasporic Support Networks and Their Host States: The Case of the Algerian GIA 1993-2000”; “Terrorism and Organised Crime in Post-Soviet Russia”; “Oil and Terrorism — An Explosive Mixture? A Survey of Terrorist and Rebel Attacks on Petroleum Infrastructure 1968-1999”; “Terrorism and Peace Enforcement - Does ‘Muscular’ Peacekeeping Impact on Patterns of International Terrorism?” og “Atommateriale, gass og mikrober som terrorvåpen? En undersøkelse av terrorgruppers interesse for og bruk av ikke-konvensjonelle våpen”.

³ For eit generelt oversyn over årsaker til terrorisme, sjå Brynjar Lia & Katja H-W Skjølberg, “Why Terrorism Occurs - A Survey of Theories and Hypotheses on the Causes of Terrorism”, *FFI-RAPPORT-2000/02769* (Kjeller: Forsvarets forskningsinstitutt, juni 2000).

som er i intern konflikt / borgarkrig, og i statar utan demokratisk styresett.⁴ Vi har likevel inkludert aksjonar som har vore retta mot *demokratiske statar sine permanente militære installasjonar i andre land*, jamvel om vertslandet ikkje er demokratisk styrt. To andre avgrensingar er at vi i liten grad har analysert inngåande hendingar som kan relaterast til deltaking i fredsopprettande og fredsbevarande operasjonar. Vi utelukkar også terroraksjonar mot militært personell som oppheldt seg utanfor baseområdet under åttaket, f eks på permisjon i nærliggjande by.

Eit kjeldemessig problem er den mangelfulle rapporteringa i ITERATE-databasen om terroraksjonar som ikkje har ‘internasjonale implikasjonar’. (Uttrykket ‘internasjonal terrorisme’ og ‘transnasjonal terrorisme’ inneber som oftast aksjonar som involverer borgarar frå andre statar enn vertslandet). ITERATE rettar seg særleg mot transnasjonal terrorisme og vil derfor ikkje fange opp mindre spektakulære hendingar av rein nasjonal karakter. Datamaterialet for denne studien er derfor langt frå fullstendig, og resultatane kan derfor ikkje bli uttømmende eller strengt vitenskaplege. I mangel av noko betre gir studien likevel ein nyttig peikepinn på kor ofte denne type åtak skjer, kva type motivasjonsfaktorar som ligg bak og kva våpentypar som er blitt nytta i terroråtak på militære installasjonar i fredstid.

2 OVERSYN OVER TERRORANSLAG MOT MILITÆRE BASAR

2.1 Terrorgrupper og målutveljing: Militære versus sivile mål

Ei viktig moment i forståinga av politisk terrorisme er bruken av symbolske former for vald der mediepublisiteten spelar ein langt større rolle enn den skaden aksjonen påfører materiell og personell. Terroraksjonar er ofte velregisserte hendingar der ei terrorgruppe ikkje sjeldan forsøker å kombinere maksimum pressedekning med minimal valdsbruk. Bombetruslar blir til dømes varsla på førehand, og kommuniqué blir distribuerte som forklarar og rettferdiggjær valdshandlinga. “Terroristar ynskjer først og fremst at mange skal sjå på, ikkje mange døde” har vore den klassiske førestillinga om politisk terrorisme. (Brian Jenkins). Dette kommunikative aspektet ved terrorisme gjer at militære installasjonar og basar kan synest å vere eit lite interessant mål for politiske terroristar. Grenseskiljet mellom politisk terrorisme av små, ideologisk radikale grupper og geriljakrig av etniske separatistar er uskarpt, men kan vere meiningsfullt når vi studerer målutveljinga til terror- og opprørsgrupper. Ei etnisk basert geriljarørsle som kjempar for lausriving av ein region, vil ofte gjennomføre langt meir militært meiningsfulle aksjonar for å underminere sentralregjeringa sin kontroll over regionen. For denne type rørsler vil åtak på militære basar og installasjonar, og den sivile infrastrukturen som understøtter regimet sitt militære nærvær, vere interessante mål.

I tabellane nedanfor som er tekne frå Jan Oskar Engene sitt eineståande arbeid om vesteuropeisk

⁴ Vi utelukkar til dømes terroraksjonar mot russiske basar i Tsjetsjenia, mot regjeringsstyrkane sine militærleirar i Colombia (både pga av politisk styreform og borgarkrig), og aksjonar mot britiske styrkar og installasjonar i, men ikkje utanfor, Nord-Irland i perioden 1968-1994 pga at konflikten i Nord-Irland i denne perioden er registrert som ‘valdeleg intern konflikt’ eller ‘regional borgarkrig’. Kriteriet er 25 eller fleire drepne i året. Det same gjeld i prinsippet også den baskiske provinsen i Spania i perioden 1968-1992, men ikkje ETA-aksjonar i resten av Spania. For eit globalt oversyn over væpna konflikhtar, sjå Dan Smith, *Atlas of War and Peace* (Oslo: Internatioal Peace Research Institute, 1997), s.90ff.

terrorisme i etterkrigstida, kan vi få eit betre inntrykk av europeiske terrorgrupper si typiske målutveljing.⁵ Første tabell viser fordeling på aksjonsmål dvs kven aksjonane er retta mot.⁶ Her ser vi at kategorien ‘militære’ mål faktisk figurerer som eit av dei meir populære måla til terrorgrupper, noko meir hyppig enn politi, politiske institusjonar og næringsliv. Men kategorien ‘militære’ inkluderer langt meir enn faste militære installasjonar og basar. Som vi snart skal sjå er det grunn til å tru at militært personell utanfor baseområdet vel så hyppige terrormål som sjølve basen.

Kategorinamn	Kode	Antal	%Alle	%Gyldige
offentlegheita	1	2296	25,2	37,4
militære	2	1353	14,9	22,1
politi	3	993	10,9	16,2
offentlege tenester	4	347	3,8	5,7
politiske institusjonar	5	265	2,9	4,3
næringsliv	6	532	5,8	8,7
fagforeiningar	7	7	0,1	0,1
geistlege	8	2	0,0	0,0
andre militante	9	86	0,9	1,4
anna	10	250	2,7	4,1
manglande data	99	2971	32,6	-
Sum		9102	100,0	100,0

Tabell 2.1 Aksjonsmål — Kven er aksjonane retta mot? (Kjelde: Jan Oskar Engene, TWEED).⁷

	høyreekstrem	venstreekstrem	etnisk/regionalistisk	sum
offentlegheita	71,1	20,2	36,7	37,5
militære	1,6	11,2	25,9	22,6
politi	4,2	9,7	18,2	16,3
offentlege tenester	3,5	12,8	4,6	5,4
politiske institusjonar	8,7	10,7	2,8	4,0
næringsliv	3,5	24,3	7,1	8,6
fagforeiningar	0,9	0,3	0,0	0,1
geistlege	0,2	0,0	0,0	0,0
andre militante	0,7	0,5	1,6	1,4
anna	5,4	10,4	3,0	4,0
Sum	100,0	100,0	100,0	100,0
N=	425	618	4887	5930

Tabell 2.2 Ideologisk karakter og aksjonsmål i prosentvis fordeling.⁸ (Kjelde: Jan Oskar Engene, TWEED).


⁵ Engene sitt arbeid fokuserer først og fremst på innanlandsk terrorisme og ser politisk terrorisme som ein del av det politiske landskapet i dei vesteuropeiske statane. Terroraksjonar av utanlandske grupper og som er motiverte av årsaker utanfor regionen er derfor utelatne i databasen hans.

⁶ I fordelingane i tabellane nedanfor er det gjort eit utval av hendingane der initierande aktør har vore ein ikkje-statleg gruppe/aktør. Det betyr at aksjonar som statlege aktører (politi, rettsvesen, militærapparat) rettar mot terrorgrupper og medlemmene deira, er utelatne. Korrespondanse med Jan Oskar Engene 28 juni 2001.

⁷ Koding av førstnemnde variabelen er basert på ei generell vurdering av kven eller kva målet synast å vere i kvar enkelt aksjon. Dette forklarar truleg den relativt høge andelen ‘manglande data.’ (Tabellen er gjengitt med løyve frå Engene).

Tabell 2.2 ovanfor viser ei fordeling på type aksjonsmål for tre kategoriar når det gjeld ideologisk tilhøyrse i europeisk innanlandsk terrorisme — høgreekstrem, venstreradikal, og etnisk/separatistisk.⁹ Som vi ser har høgreekstreme grupper berre unntaksvis vore interesserte i å angripe militære mål og personell, medan venstreradikale har vore noko meir fokusert om militære mål. **Etnisk-separatistiske grupper skil seg klart ut som dei desidert mest aktive gruppene når det gjeld å initiere aksjonar mot militære mål.** I perioden 1988 til 1999 har den baskiske separatistrørsla ETA (*‘Baskisk Nasjon og Fridom’*) og det nord-irske IRA stått for brorparten av dei militært retta aksjonane i Europa. Etnisk-separatistiske grupper er også dominerande i det totale biletet av terroraksjonar i etterkrigstida i Europa.

Når det gjeld *internasjonale* terroraksjonar (dvs som involverer borgarar frå andre land enn vertslendet), er biletet noko anna. Samanlikna med innanlandsk terrorisme, er **internasjonal terrorisme langt mindre retta mot militære mål.** Som vi ser nedanfor i statistikken frå *U.S. Department of State* har næringsliv og diplomatisk representasjon vore langt meir frekvente mål i internasjonale terroraksjonar dei siste fem åra. Av dette kan vi slutte at **i statar utan aktive innanlandske terrorgrupper av etnisk-separatistisk eller venstreradikal karakter, vil terroraksjonar berre unntaksvis rette seg mot militære mål.**



Tabell 2.3 Statistisk materiale frå *U.S. Department of State*

⁸ Her også er utvalet aksjonar initierte av ikkje-statlege aktørar. (Tabellen er gjengitt med løyve frå Engene).

⁹ I eit fåtal hendingar er aksjonistane av ein annan karakter (miljøprofil, anti-militarisme, internasjonal solidaritet, statsforsvar. Desse utgjer berre 45 hendingar og er utelatne i denne tabellen. *Ibid.*

Vi har til no sett på militære mål i stort, men ikkje på i kva grad militære *installasjonar og basar* er terrormål, kva motivasjon for å angripe denne type anlegg kan vere, og kva type våpen terrorgrupper anvender i åtak mot militære anlegg.

2.2 USAs utanlandske militære basar er mest utsette for åtak

Basert på databasar over terroraksjonar har vi registrert over 30 terroranslag (eller alvorlege forsøk på anslag) mot militære installasjonar til demokratiske land i fredstid i perioden 1990-1999 (sjå kronologien i Appendiks). Samanlikna med det totale talet terrorhendingar på 1990-talet¹⁰ er dette eit *lågt tal*, og det illustrerer at mange terrorgrupper generelt sett ikkje betraktar militære installasjonar som eit attraktivt og populært mål for aksjonane sine. Det kan for eksempel nemnast at det er registrert meir enn 43 åtak utførte av den spanske separatistrørsla ETA i perioden 1988-2001, og berre *eitt* av desse var retta mot militære installasjonar (i følgje ICT-databasen).¹¹ I ein serie av åtak gjennomført av den nordirske separatistrørsla IRA ('Provisional Irish Republican Army') mot britiske militære mål i Tyskland i 1989-1990 var berre 1-2 av åtaka retta mot militære anlegg, brakker eller militære bustadkompleks.

Den vanlegaste forma for terroranslag i datamaterialet vårt er åtak på amerikanske militære anlegg, og særleg amerikanske militærbasar utanfor USA. (Av desse hendingane er det faktisk berre eitt tilfelle av anslag på amerikansk territorium.)¹² USA står altså i ei særklasse når det gjeld terroråtak mot militære basar og faste installasjonar i utlandet. Forklaringa på dette er samansett. USA har eit unikt verdsomfattande militært engasjement. USAs utanrikspolitik er svært kontroversiell og har lagt grunnlaget for sterke motrørsler. I nokre statar i Midtausten og Latin-Amerika kan ein registrere ein viss folkeleg sympati for valdsaksjonar mot amerikanske militære mål. Både for venstreradikale og islamistiske grupperingar framstår USA som det fremste symbolet på 'verdskapitalismen', 'imperialismen' og vestens allianse med reaksjonære autoritære styreformar i den tredje verda.

Tre av hendingane som involverer USA sine militære basar i utlandet skriv seg frå 1990, før Golfkrigen, men fleire aksjonar er tydeleg retta mot USA sitt engasjement i konflikten med Irak, som f eks aksjonen til den venstreradikale *Dev Sol*-grupperinga i Tyrkia i januar 1991. Gruppen gjennomførte då eit bombeanslag mot eit amerikansk logistikksanlegg i Istanbul og påførte basen betydeleg materiell skade. Tre hendingar er relaterte til Panama som amerikanske styrkar invaderte på 1980-talet og var eit uttrykk for protest mot amerikansk innblanding i dei internpolitiske tilhøva i Panama. To av anslaga i Panama vart sette i samband med eit føreståande statsbesøk av dåverande President Bush i 1992.

¹⁰ Til samanlikning var det registrert 3027 i perioden 1968-1977, og i perioden 1980-1987 var det 1562 hendingar i ITERATE. Rand Corporations har registrert 936 hendingar i perioden 1968-1977. Talet på registrerte terroraksjonar har gått noko ned på 1990-talet, samstundes som dødstala per aksjon i gjennomsnitt har gått noko opp, i følgje fleire studiar.

¹¹ Ifølgje data frå ICT-databasen. TWEED-databasen som er langt meir detaljert, men som ikkje skiljer mellom militære mål og åtak på militære *installasjonar*, har registrert 190 ETA åtak (inkludert alle fraksjonar) i perioden 1988-1999. Av desse var 26 retta mot militære mål. Korrespondanse med Jan Oskar Engene.

¹² Dette kan nok skuldast overfokuseringa på aksjonar med internasjonale implikasjonar i databasene.

Dei åtaka som retta seg mot USA sine militære installasjonar i utlandet var ofte reine protestaksjonar mot det amerikanske militære nærværet.¹³ Dette gjeld for eksempel Filippinane, der vi finn ei rapportert hending frå 1990, då ei venstreradikal gruppering avfyrte bomber og skaut i lufta nær den amerikanske flybasen Clark Air Base med krav om amerikansk tilbaketrekking og avvikling av alt militært nærvær.¹⁴ I Sør-Korea var det tillaup til opptøyar og forsøk på storming av ein amerikansk militærbase i 1998. I 1992 vart det kasta brannbomber mot eit amerikansk militært bygg i Seoul i samband med ein studentdemonstrasjon. Ingen av hendingane førte til alvorleg materiell- eller personmessig skade.

Den alvorlegaste aksjonen retta mot USA sine militærbasar utanlands skjedde den 25 juni 1996 då ei stor bombe plassert i ein tankbil eksploderte ved ein amerikansk militærforlegning ved Dhahran i Saudi-Arabia. Bomba drap 19 amerikanske flysoldatar og skada 547. Etter 5 års etterforsking synast det no klart at personar i den shi'ittiske Hizbullah-rørsla stod bak bombeåtaket i Saudi-Arabia, med noko medverknad frå Iran (for fleire detaljar - sjå pkt 29 i Appendiks).

Av innanlandske åtak i USA var sabotasjeforsøket mot eit stort metanollager og eit sodium sulfid lager nær Norfolk marinebase og andre militære installasjonar i same område i februar 1991 det potensielt mest trugande. I alt 6 såkalla 'pipe-bombs' vart funne ved dei to kjemiske lagra, og åtaket kunne medført eit alvorleg utslepp av giftig gass i dei nemnde militærrområda. Ifølgje rettssaka hadde bakmennene kriminelle motiv (forsikringssvindel), og aksjonen var altså ikkje meint som ein protest mot dei amerikanske militærbasane i Norfolk-området. (Jmf pkt. 13 og 14 i Appendiks).

2.3 Europeiske statar

Terroraksjonar mot militære installasjonar har også funne stad i Storbritannia, Tyskland, Spania, Frankrike, Italia og Hellas. I dei europeiske landa er åtaka i stor grad utførte av innanlandske terrorgrupper, med unntak av Tyskland der IRA har vore svært aktive. **Skyte- og bombeåtak utførte av IRA mot britiske militære installasjonar og personell har vore den vanlegaste aksjonsforma i Europa.** Generelt synast altså britiske og amerikanske militærbasar å vere dei mest populære måla.

2.3.1 Storbritannia og Tyskland

Blant dei europeiske statane har Storbritannia vore desidert mest utsett for terroråtak mot militære installasjonar i perioden 1990-1999, hovudsakleg frå det nordirske IRA. Dette gjeld åtak mot britiske militære installasjonar både i Storbritannia og i utlandet, først og fremst Tyskland. Det har vore minst 4 terroraksjonar mot militærbasar i sjølve Storbritannia (utanfor

¹³ USA sine militærbasar i utlandet har stundom vekt sterk lokal motstand som botnar i friksjon av sosial og økonomisk art mellom det amerikanske militærpersonellet og lokalbefolkninga. I Japan har fleire valdtektssaker på 1990-talet i Okinawa-området som husar ca 26 000 av dei 48 000 amerikanske soldatane i landet, ført til at spørsmålet om amerikansk militært nærvær i Japan har kome på dagsordenen både nasjonalt og i dei bilaterale tilhøva med USA. Sjå Calvin Sims, "American Military Personnel Suspected in Okinawa Rape," *The New York Times* 30 juni 2001.

¹⁴ Clark Air Base og Subic Bay Naval Base vart avvikla i 1992 etter at filippinske styresmakter i 1991 vedtok å ikkje fornya baseavtalen med USA.

Nord-Irland) på 1990-talet. I tillegg har det vore **ein serie åtak retta mot britiske militære installasjonar og personell i (Vest-)Tyskland**. I januar 1989 vart to britiske soldatar skotne av IRA i eit militært bustadkompleks i Münster i Tyskland. IRA truga då med fleire åtak mot den britiske regjeringa og britiske militære mål over heile verda, men på 1990-talet kjenner vi ikkje til døme på IRA-aksjonar mot militære installasjonar i andre land enn Tyskland og Storbritannia.¹⁵

I juni 1989 plasserte IRA fem sprengladningar ved britiske militærforlegningar i Osnabrück. Fire av desse vart oppdaga, medan den femte sprengladningen eksploderte og førte til betydeleg skade. Aksjonen vart sett i samanheng med rettssaka mot to IRA-medlem som sat fengsla i Osnabrück. I 1990 var det eit terroråtak mot eit britisk militært treningssenter i Vest-Tyskland, og i 1996 var det endå eit åtak mot den britiske militærbasen ved Osnabrück. Felles for hendingane er at dei var bombe- eller skyteaksjonar der IRA anten ope har påteke seg ansvaret, eller var den hovudmistenkte. IRA-aksjonar mot britiske militære installasjonar i Storbritannia (utanfor Nord-Irland) og i Tyskland var særskilt hyppige i perioden 1989-1990. Det er for så vidt eit ganske vanleg fenomen at terroraksjonar opptre i ein serie eller kampanje. Det har også vore eit tilfelle av høg antiterror beredskap i Akrotiri-området på Kypros i mars 1993 etter rapportar om planlagde IRA-aksjonar mot britiske militære installasjonar.

2.3.2 Frankrike

Frankrike har hatt ei lang rekkje aktive terrorgrupper, både internasjonale, venstre- og høgreradikale og fleire separatistgrupper (korsikanske, bretonske, baskiske). I det franske tilfellet er det registrert **åtak på franske militære installasjonar av korsikanske separatistar** som ynskjer lausriving frå fransk styre på Korsika. Korsikanske separatistar har vanlegvis angripe mål som franske regjeringsbygningar og politistasjonar, og dei har gjennomført fleire attentat mot politikarar. I april 1994 vart ei bombe plassert ved Solenzara militærbase nær Bastia. Dette var visstnok første gongen dei korsikanske separatistgruppene hadde klart å forsere perimeterforsvaret med piggrådsperringane og vaktårna rundt leiren. Bombeåtaket førte til stor skade på kontoret til leirkommandanten Oberst Jackie Cognet. Åtaket syntest å ha vore retta vel så mykje mot leirkommandanten som person som mot leiren sin fysiske infrastruktur. Åtaket vart også sett i samanheng med den franske forsvarsministeren Francois Leotard sitt føreståande besøk til Korsika.

2.3.3 Spania

I Spania finn vi nokre døme på terroråtak mot innanlandske militære installasjonar av både ideologiske og separatistiske grupper. Ei gruppe av førstnemnde kategori gjennomførte eit åtak som snarare var sabotasje enn ei terrorhandling retta mot personell. Den 21 februar 1991 utplasserte *Dei 1ste Oktober Anti-Fascistiske Motstandsgruppene* (GRAPO) **ei bombe mot ein oljerørleidning som forsynte ein felles spanskamerikansk marinebase i Rota i sørlege Spania**. Bomba gjekk av, men leidde til berre avgrensa materiell skade. Rørleidningen vart reparert innan nokre timar. Den same rørleidningen har tidlegare blitt angripen, bl a i desember 1984 av separatistrørsla ETA. Gruppen gjennomførte også eit åtak med **bilbombe mot ei forlegning til det spanske paramilitære politiet Guardia Civil i Barcelona** den 29 mai 1991.

¹⁵ I følge TWEED-databasen har det vore fire IRA åtak mot uspesifiserte 'militære mål' i Nederland i perioden 1988-1999. Korrespondanse med Jan Oskar Engene.

Åtaket var ein av dei meir alvorlege terroraksjonane i nyare spansk historie, med i alt 9 personar drepne og ca 50 såra.

2.3.4 Italia

Italia har vore heimstad for ei rekkje godt organiserte terrorgrupper, både høgre og venstreradikale grupperingar, men militære installasjonar har heller ikkje her vore eit særleg høgt prioritert mål for terrorgruppene. Det har likevel vore nokre aksjonar. I september 1993 gjennomførte den venstreradikale gruppa *Raude Brigader eit bombeåtak mot US NATO Air Force-basen i Aviano* (sjå pkt 20 i Appendiks). Aksjonen førte til berre noko materiell skade på sovebrakker. 10 januar 1995 detonerte ei bombe framføre **NATO Defense College bygningen i Roma**, ein aksjon som ‘Combatant Communist Nuclei’, ei eining frå den venstreradikale *Raude Brigader*-grupperinga, tok på seg ansvaret for. Aksjonen førte ikkje til at nokon vart skada eller drepne.¹⁶

2.3.5 Hellas

Den mest kjende terrorgruppa i Hellas, *17 November Revolusjonære Organisasjon* (N17) — ei venstreradikal rørsle etablert i 1974 i opposisjon til den dåverande greske militærjuntaen — har utført over 80 åtak dei siste 25 åra. Rørsla er svært myteomspunnen blant anna fordi ikkje eit einaste medlem av gruppa til no har blitt arrestert og dømt. N17 har operert utelukkande på det greske fastlandet i eller rundt hovudstaden Aten. Dei vanlegaste aksjonsformene til gruppa har vore nærhaldsattentat, rakettåtak og åtak med improviserte eksplosiv. Ca 2/3 av åtaka har retta seg mot greske mål, men N17 har også stått bak ei rekkje aksjonar mot vestleg militært personell i Hellas. I 1994 gjennomførte N17 **eit rakettåtak mot det britiske krigsskipet HMS Ark Royal** som på det tidspunktet låg i dokk i Piraeus.¹⁷

3 MOTIVASJON

Nedanfor har vi lista opp nokre av dei mest vanlege årsakene som terrorgruppene sjølve viser til som grunngeving for aksjonane sine mot militære anlegg i fredstid.

Protest mot deltaking i Golfkrigen mot Irak i 1991. Under Golfkrigen vart ein vitne til ei oppblomstring av åtak på amerikanske og i mindre grad allierte militærbasar, utførte i første rekkje av venstreradikale terrorgrupper. *Den nasjonale demokratiske front*, ei venstreradikal filippinsk gruppe, åtvara til dømes om at dersom ein krig braut ut i Den persiske golfen, ville gruppa “starte ein intens og allomfattande politisk-militær offensiv” mot amerikanske militærbasar.¹⁸ Den tyrkiske ‘Revolusjonære Venstre’ (*Dev Sol*)-rørsla annonserte etter eit vellykka bombeåtak mot eit amerikansk logistikkklager i Istanbul 21 januar 1991 at “vår væpna aksjon var ein protest mot den amerikansk imperialismens militærmakt og ei åtvaring til dei lokale kollaboratørane”.¹⁹ Fleire venstreradikale rørsler hadde hatt nære band til det irakiske *Ba’thpartiet* (regjeringspartiet) i Irak og gjennomførte derfor sympatiaksjonar retta mot

¹⁶ Frå databasen til International Policy Institute for Counter-Terrorism (<http://www.ict.org.il>).

¹⁷ “Terrorist Groups: N17 (17 November Revolutionary Organisation),” Law and Crime Prevention, London News and Entertainment Portal from Surf London, <http://www.surflondon.co.uk>.

¹⁸ Sitert frå Mickolus, *Transnational terrorism* (ITERATE-databasen, elektronisk utgåve).

¹⁹ *Ibid.*

amerikanske og USA-allierte militære mål. Under Golfkrigen vart det registrert fleire anslag mot militære installasjonar i Europa. I mars 1991 var det eit bombeåtak mot ein militær oljerørleidning nær Emstek i Tyskland, ein base som vart brukt av Det tyske flyvåpnet (som delvis var stasjonert i Tyrkia under Golfkrigen). Åtaket førte berre til mindre skade.

Separatisme. Mange aksjonar er eit uttrykk for etniske grupper sin kamp for lausriving og politisk sjølvstende. Separatistisk terrorisme har utgjort nær 70 % av vesteuropeisk terrorisme i etterkrigstida. Tre prominente døme er IRA som kjempar mot den britiske ‘okkupasjonen’ av Nord-Irland, korsikanske separatistar i opposisjon til fransk styre på Korsika, og ETA som gjennomfører aksjonar mot representantar og symbol på spansk overherredøme i Den baskiske provinsen i Nord-Spania.

Protestar mot USA sitt militære nærvær er ein utbreidd motivasjonsfaktor for grupper som gjennomfører terroråtak mot militære installasjonar. Blant desse gruppene kan vi nemne den venstreradikale *New People’s Army* på Filippinane, *20 Desember-rørsla* i Panama (ei antiamerikansk venstreradikal gruppering, etablert etter USA sin invasjon av Panama på same dato), og den shi’ittisk pro-iranske opposisjonsrørsla *Hizbullah* i Saudi-Arabia og Libanon (ei rørslle med same namn har også vore aktiv i Tyrkia). Den japanske endetidssekta *Aum Shinrikyo* var også i sterkt i opposisjon til den amerikanske militære nærværet i Japan og retta eit av sine første (og mislykka) åtak med biologiske våpen i 1990 mot ein amerikansk marinebasane i Yokohama og Yokosuka i Japan.

Protestar mot økonomiske toppmøte, verdskapitalismen sine symbol. I nokre tilfelle er militære installasjonar blitt angripne når den politiske protesten ikkje har vore direkte retta mot den *militære* karakteren av det utanlandske nærværet. I juli 1993 vart f eks ein ‘heimelaga rakett’ avfyrt mot Yokota US Air Force Base nær Tokyo. Den venstreradikale gruppa *Kakurokyo* (‘*Revolusjonære Arbeidarar*’) tok på seg ansvaret, og aksjonen var ein protest mot det føreståande G-7 møtet i Tokyo. I 1986 avfyrte *Chukaku-ha* (‘*Middle Core Faction*’) fleire prosjektil mot den same basen i protest mot Tokyo Economit Summit.

Protestar mot FN sin underdanige rolle overfor USA. Fleire åtak mot FN observatørar og fredsbevarande styrkar har blitt sette i samanheng med oppfatninga av at FN har mangla evne og vilje til å representere verdssamfunnet og den tredje verda andsynes det dominerande USA. Men åtak mot basar til internasjonale fredsbevarande styrkar deployerte i borgarkrigsherja område fell delvis utanfor det etablerte terrorismesomgrepet. Som illustrasjon nemner vi likevel nokre eksempel på registrerte terroråtak mot fredsbevarande styrkar: Eit handgranatåtak mot eit observatørteam i Irak i august 1992, eit bazookaåtak mot hovudkvarteret til observatørstyrken *UN Observer Group in Central America* (UNOCA) i Honduras i juni 1991; eit skyteåtak mot ei mineryddingseining frå *UN Transitional Authority* i Kambodsja (UNTAC) i april 1993; og eit bombekastaråtak mot ein FN-leir i Mogadishu i Somalia 16 september 1993. 2 nordmenn vart skadde i sistnemnde aksjon. UNOCA, oppretta i desember 1989 med ansvar for å oversjå demobiliseringa av *Contras* vart angripen som ein protest mot det gruppa kalla FN sin “servile and submissive attitude towards US imperialism” og FN si støtte til “the policies of gringo

imperialism”.²⁰

4 VÅPEN SOM TERRORGRUPPER HAR ANVENDT I ANSLAG MOT MILITÆRE ANLEGG

Registrerte terroråtak mot militære anlegg dreier seg som oftast om åtak med **lette handvåpen**, retta mot personell eller **bomber** for å påføre materiell- eller personellskade. Skyting frå køyrety (personbil, motorsykkel) er ei vanleg aksjonsform.

4.1 Lette handvåpen

Av lette våpen finn vi ofte **AK-47 Kalashnikov**, **handgranatar** og **pistolar**. Eit døme på eit kombinert granat- og bombeåtak er frå 17 april 1994, då korsikanske separatistar sprengde granatar framføre politistasjonen i Pietrodicerce og ei bombe utanfor Solenzara militærbase nær Bastia på Korsika. Terrorgruppa klarte å forsere perimeterforsvaret av piggtrådsperringar og vakttårn. Filippinske terrorgrupper har gjennomført fleire attentat på amerikanske soldatar utanfor Clark Air Base med revolver og AK-47 Kalashnikov. IRA har også gjennomført fleire attentat på britiske soldatar og offiserar i Tyskland med skytevåpen.

4.2 Bomber

Såkalla ‘**Molotov-cocktails**’ og andre enkle **brannbomber** har blitt anvende ved fleire høve, som oftast i samanheng med valdelege demonstrasjonar, som f eks når 50 college studentar i Seoul kasta 20 brannbomber mot ein bygning tilhøyrande US Army Engineering Corps i den sørkoreanske hovudstaden i mars 1991. Tilsvarande episodar vart rapporterte i mars 1992.

Bombetypane spenner over **eit vidt spektrum** frå **svært enkle og små sprengladningar** til større avanserte Semtex-bomber til **enorme lastebilbomber på opptil 10 000 kg**. IRA nytta ei 160 kg Semtex-bombe under eit åtak mot den britiske militærbasen i Osnabrück i 1989. Bomba øydela sovesalen i leiren. Den største bomba anvendt av ei terrorgruppe mot ein militærbase var truleg lastebilbombene som Den libanesiske Hizbullah-gruppa anvendte mot ein amerikansk militærforlegning i Beirut i 1983, då 243 soldatar vart drepne. Ei tilsvarande bombe vart anvendt av systerrørsla til den libanesiske Hizbullah-rørsla mot ei amerikansk militærforlegning i Dhahran i Saudi-Arabia i juni 1996, der 19 vart drepne og 547 skadde. Sistnemnde aksjon vart gjennomført med ein **tanklastebil** (‘tanker truck’) lasta med mellom 2 500 og 10 000 kg sprengstoff i følgje to estimat (for fleire detaljar sjå pkt 29 i Appendiks).

Det er eit generelt inntrykk at bombeåtaka ikkje berre rettar seg mot personellmål som f eks sovesalar, bustadkompleks og parkeringsplassar jmf IRA-åtaka i Tyskland og Storbritannia og Hizbullah-åtaket i Dhahran, men også mot **støtteinfrastruktur** som f eks oljerørleidningane til militærbasane. Sistnemnde mål kan ha blitt valde fordi dei er lettare tilgjengelege enn mål innanfor sjølve baseområdet. Vi finn også fleire døme på terroråtak mot **militære bremselager**, aksjonar som kan ha alvorlege følgjer for omgjevnadene (bl a eit åtak i Tyskland,

²⁰ Ei gruppe som kalla seg Roger Gonzales Command Unit frå *Morazanist Patriotic Group of National Liberation* påtok seg ansvaret for aksjonen. *Ibid.*

Panama og USA under Golfkrigen), **militære oljerørleidningar** (GRAPO-aksjonen i februar 1991 og ETA-aksjonen i Spania i 1984). Ei noko uvanleg aksjonsform var det mislykka bombeåttaket (med 6 såkalla ‘pipe bombs’) mot eit stort metanollager og eit stort sodium-sulfid lager 7 km (5 miles) i nærleiken av Norfolk Naval Base, verdas største marinebase i februar 1991. (for fleire detaljar, sjå pkt 13 og 14 i Appendiks).

4.3 Avstandsleverte eksplosiv

I fleire tilfelle har terrorgrupper anvendt såkalla ‘**bazooka**’ og **rakettkastarar** mot militære installasjonar. **Ein panserbrytande missil** (‘LAW’ - light anti-tank weapon) vart til dømes avfyrt mot eit køyrety som forlét US Marine House i Santiago i februar 1991. Gruppa *Manuel Rodriguez Popular Front* tok på seg ansvaret for aksjonen. Ein **rakettkastar av typen RPG-2** vart avfyrt mot ein bygning som husa *UN Observer Group in Central America* (UNOCA). Ein ‘**heimelaga raket**’ vart avfyrt mot Yokota US Air Force Base nær Tokyo i juli 1993. Den venstreradikale *Kakurokyo* (‘*Revolusjonære Arbeidarar*’) tok på seg ansvaret. Aksjonen var ein protest mot det føreståande toppmøtet til G-7-landa.

I nokre tilfelle kjenner ein til at militære installasjonar er blitt angripne med enkle, ofte improviserte krumbanevåpen som **bombekastarar**. I august 1996 tok IRA på seg ansvaret for å ha avfyrt 3 bombekastargranatar mot ein britisk militærbase nær Osnabrück i Tyskland. Berre ein av granatane eksploderte, og ingen vart skadde i åttaket. Generelt sett er terroraksjonar med improviserte bombekastarar ikkje heilt uvanleg. Enkle bombekastarar er blitt nytta av ei lang rekkje opprørs- og terrorgrupper.²¹ IRA sin kjende Mk10 bombekastar, ofte montert på ein varebil av typen Ford Transit, vart spesifikt utvikla for å angripe britiske politi- og militærbasar. Eit av dei mest kjende terroråttaka av terrorgrupper med bombekastarar var likevel IRA sitt åttak på statsministerbustaden i Downing Street i London under Golfkrigen i 1991. Ein nyleg artikkel i *Jane’s Intelligence Review* hevdar at nokre grupper også har utvikla større og meir avanserte bombekastarar med kapasitet til å skyte 20-100 kg ladningar.²² IRA si vidareutvikling av Mk 10, den såkalla Mk 15 eller ‘Barrack buster’ som har ein kaliber på 320 mm og ei sprenglast på 80-100 kg, er å samanlikne med ei flygande bilbombe. Systemet skal ha blitt adoptert av utbrytargruppa ‘The Real IRA’ (RIRA). Denne type **improviserte storkalibra bombekastarar** har også blitt utvikla og anvende av geriljarørslene LTTE (Sri Lanka) og FARC (‘Colombias Væpna Revolusjonære Styrkar’ - *Fuerzas Armadas Revolucionarias de Colombia*).

4.4 B- og C-våpen

Ikkje-konvensjonelle våpen, i første rekkje **B- og C-stridsmiddel har sjeldan blitt nytta av terror- og opprørsgrupper mot militære installasjonar**. Eit unntak er den japanske dommedagssekta *Aum Shinrikyo*, som i perioden 1990-1995 gjennomførte minst eit (mislykka) åttak med biologiske våpen retta mot to amerikanske marinebasar i Japan. I april 1990 sende *Aum Shinrikyo* tre lastebilar som var spesialutstyrte for å spreie ei aerosolisk ‘tåke’ av

²¹ Bl a *Provisional Irish Republican Army* (IRA, PIRA), *Liberation Tigers of Tamil Eelan* (LTTE) (Sri Lanka), *Jaish e-Muhammad* (Kashmirske separatistar), palestinske paramilitære opprørsgrupper som Fatah og Hamas, *Euzkadi ta Askatasuna* (ETA) (baskiske separatistar), og den libanesiske *Hizbullah* (Den islamske frigjeringsrørsla i Libanon). Sjå Roger Davies, “Improvised Mortar Systems: An Evolving Political Weapon,” *Jane’s Intelligence Review* mai 2001, s.12-15.

²² *Ibid.*

botulinum toksin, i gatene i Tokyo. (Botulinum toksin er svært toksisk og kan føre til dødeleg lamming av musklar og lunger). Måla for aksjonen inkluderte dei to amerikanske marinebasane i Yokohama og Yokosuka, Narita flyplass, Diet, og Keisarpalasset. Ruta som lastebilene følgde gjekk først til Yokohama marinebase, deretter til Yokosuka medan Narita flyplass var siste stoppestad. Yokosuka-basen kan ha vore eit særleg ettertrakta mål fordi basen hadde kome i søkjelyset på 1980-talet då mange japanarar meinte basen husa amerikanske atomvåpen. Ingen vart skadde eller drepne i Aum sitt åtak. Årsaka til kvifor åtaket med toksinet mislykkast er framleis ukjend. Ein hypotese er at den *botulinum toksintypen* som Aum hadde utvikla, var for lite virulent og at spreingsmetoden deira var lite effektiv.²³

Tilfellet *Aum Shinrikyo* står i ei særstilling. Ein kjenner knapt nok til andre døme på denne typen aksjonar i demokratiske land i fred. I borgarkrigsherja statar finn vi derimot nokre døme på at opprørsgrupper skal ha anvendt uspesifiserte 'kjemiske våpen' i geriljakrigføringa si der militære basar har blitt ramma. Ved to tilfelle i 1990 og 1995 skal tamiltigrane (LTTE) ha gjennomført åtak med giftgass og kjemiske våpen mot ein srilankisk militærbase og ein politistasjon for spesialstyrkar. I kjølvatnet av LTTE-åtaket på militærleiren i aust-Kiran i juni 1990 avbraut den srilankiske regjeringa fredssamtalane som då hadde pågått sidan april 1989 og kravde bl a at LTTE skulle ta på seg ansvaret for å ha brukt kjemiske våpen. Den 21 januar 1994 skal PKK ha angripe den tyrkiske landsbyen Ormancik i Mardin-provinsen med 'kjemiske granatar'. Våpna skal visstnok ha kome frå eit kurdisk våpenlager av kjemiske granatar som irakiske styrkar angiveleg skal ha forlate då dei trekte seg ut av Nord-Irak.²⁴ Kjeldegrunnlaget for desse hendingane er noko usikkert.

Lokal forgifting av mat og drikkevatn er ved fleire høve blitt brukt som våpen av terror- og opprørsgrupper mot sentralregjeringa sine militærleirar og -basar. På nyttårskvelden 1993/4 vart 10 russiske soldatar og sivile drepne av cyanid-forgifta champagne og 10 andre skadde. Den lokalproduserte drykken hadde blitt innkjøpt frå ein kiosk i nærleiken av eit militært bustadkvarter som husa personell tilhøyrande den russisk-leia fredsbevarande styrken i Tadsjikistan.²⁵ Den 22 mars 1992 under ein inspeksjon av vasstankane ved ein tyrkisk flybase utanfor Istanbul, vart det oppdaga store mengder cyanid i drikkevatnet. To tomme 25 kg kanner med tyskprodusert cyanid vart funne i området. Cyanidinnhaldet i drikkevatnet tilsvara 50 mg per liter. (Dødeleg dose for menneske ved inntak via mat/drikke er ca 50 mg). Åtaket vart truleg gjennomført av Den kurdiske opprørsgeriljaen PKK.²⁶ Raude Khmer-geriljaen har også anvendt forgifting av drikkevatnet som våpen mot militært personell og basar i kampen mot sentralregjeringa i Kambodsja på midten av 1990-talet.²⁷

4.5 Sjøbaserte våpen

Faren for åtak mot militære hamnebasar og marinefarty har kome i fokus at det amerikanske fartyet USS Cole vart ramma i ein sjølvmondsaksjon ved hamn i Yemen 12 oktober

²³ Informasjon innhenta frå *WMD Terrorism Database*.

²⁴ *Ibid.*

²⁵ *Ibid.*

²⁶ *Ibid.*

²⁷ I tillegg til drikkevassforgifting vart *giftbefengte bambusstikker* også anvende mot dei framrykkande regjeringsstyrkane, eit mykje brukt våpen av Raude Khmer. *Ibid.*

2000 der 19 marinesoldatar miste livet. Fleire opprørsgrupper, i første rekkje tamilgeriljaen LTTE har demonstrert ein overraskande stor kapasitet når det gjeld å anvende marinefarty i sine væpna aksjonar. Ein nyleg artikkel i det anerkjende *Jane's Intelligence Review* omhandlar eit sofistikert åtak som LTTE-geriljaen gjennomførte mot hamna i Trincomalee på Sri Lanka, der geriljaen nytta **fire speedbåtar med 'stealth'-eigenskapar**, understøtta av eldgiving frå eigne bombekastarar.²⁸ I November 2000 gjorde også den islamske motstandsørsla Hamas eit mislykka og langt mindre avansert forsøk på å angripe patruljefarty utanfor den israelskokkuperte²⁹ Gaza-stripa. Spreiinga av denne typen aksjonar mot marinefarty og hamner kan indikere at aksjonen mot USS Cole har hatt ein viss 'copycat'-effekt. Ein kjenner likevel knapt nok til døme på denne typen aksjonar mot marinebasar i demokratiske land i fred. Eit unntak i så måte er aksjonen til den greske terrorgruppa *17 November Revolusjonære Organisasjon* som gjennomførte **eit rakettåtak mot eit britiske krigsskip ved kai** i Piraeus i 1994.³⁰ Marine aksjonsformer har tradisjonelt vore eit relativt marginalt fenomen i terrorsamanheng.³¹

5 SLUTTKOMMENTAR

I følge datamaterialet vårt er terroraksjonar mot militære installasjonar i demokratiske land i fredstid sjeldan svært alvorlege når det gjeld tap av menneskeliv og materiell skade. Amerikanske militære installasjonar i utlandet i ikkje-demokratiske land er noko meir utsette. **Militært personell synast ofte å vere målet for åtaka, ikkje militært materiell eller infrastruktur.** I følge datamaterialet har vi ingen døme på at terror- og sabotasjeåtak i demokratiske land i fredstid i perioden 1990-1999 har lamma operasjonsevna til større militære basar, eller har hatt potensialet til å kunne gjere det. Datamaterialet viser likevel at spekteret av våpen som terrorgrupper kan anvende er større enn berre skytevåpen og enkle bomber. Åtak med **avstandsleverte bombekastarar** har førekomme ved fleire høve, og kan representere ein viss trussel.

Datamaterialet viser klart at **jamvel om militære installasjonar ikkje har vore frekvente terrormål, er likevel militære mål i breiare forstand, inkludert militært personell, prefererte mål**, særleg for etnisk-separatistiske grupper og i nokon mindre grad venstreradikale grupper. Norge har ikkje hatt innanlandske terrorgrupper av denne typen, og terrortrusselen mot militære anlegg i Norge i fredstid er derfor i stor grad ein funksjon av målutveljingsstrategien til andre statars' etnisk-separatistiske og venstreradikale grupper. Spørsmålet er altså i kva grad og under kva omstende militært personell og infrastruktur tilhøyrande NATO eller våre NATO allierte på norsk jord framstår som relevante og meningsfulle mål for terrorgrupper som ynskjer å ramme våre allierte.

Empirien frå denne studien indikerer at **terrortrusselen mot militære anlegg i fredstid er låg,**

²⁸ Rohan Gunaratna, "Sea Tiger success threatens the spread of copycat tactics," *Jane's Intelligence Review* mars 2001, s.12-16.

²⁹ Ca 30 % av Gaza-stripa er framleis under full israelsk okkupasjon medan ca 70% har vore under avgrensa palestinsk sjølvstyre sidan mai 1994 fram til no (juli 2001).

³⁰ "Terrorist Groups: N17 (17 November Revolutionary Organisation)," Law and Crime Prevention, London News and Entertainment Portal from Surf London, "<http://www.surflondon.co.uk>.

³¹ Sjå til dømes Tore Bjørge, *Maritim terrorisme* (Oslo: NUPI, 1990).

men at **norske militære anlegg som har hyppige besøk av utanlandsk personell generelt, og spesielt amerikansk eller britisk personell, vil vere noko meir utsette for framtidige terroråtak enn anlegg utan denne type nærvær**. Sameleis vil risikoen for åtak mot militære anlegg og personell som deltek i kontroversielle fredsopprettande operasjonar vere noko større enn for anlegg utan denne type oppdrag.

6 LITTERATUR OG KJELDER

Databasar:

Edward Mickolus, *Transnational terrorism (ITERATE, elektronisk database)*

US Department of State, http://www.state.gov/www/global/terrorism/annual_reports.html) for perioden 1995-99

International Policy Institute for Counter-Terrorism (<http://www.ict.org.il>), søkbar database tilgjengeleg på internett for 1988-2001.

Center for Non-Proliferation Studies, *Weapons of Mass Destruction Database*, 1990-2001.

Jan Oskar Engene, *TWEED — database over innanlandsk vesteuropeisk terrorisme 1950-1999*.

Litteratur:

Bjørge, Tore, *Maritim terrorisme* (Oslo: NUPI, 1990).

Davies, Roger, "Improvised Mortar Systems: An Evolving Political Weapon," *Jane's Intelligence Review* mai 2001, s.12-15.

Engene, Jan Oskar, *Patterns of Terrorism in Western Europe, 1950-95* (Bergen: Institutt for sammenlignende politikk, Universitet i Bergen, 1998, dr polit-oppgåve).

Gunaratna, Rohan, "Sea Tiger success threatens the spread of copycat tactics," *Jane's Intelligence Review* mars 2001, s.12-16.

Lia, Brynjar & Katja H-W Skjølberg, "Why Terrorism Occurs - A Survey of Theories and Hypotheses on the Causes of Terrorism", *FFI-RAPPORT-2000/02769* (Kjeller: Forsvarets forskningsinstitutt, juni 2000).

Lia, Brynjar, "Er sivil infrastruktur sannsynlege mål for terrorgrupper i fredstid? Terrorisme som tryggingspolitisk utfordring i Norge," *FFI-RAPPORT 2000/01703* (Kjeller: Forsvarets forskningsinstitutt, mai 2000).

Smith, Dan, *Atlas of War and Peace* (Oslo: Internatioal Peace Research Institute, 1997).

A APPENDIKS: TERRORANSLAG MOT MILITÆRE ANLEGG PÅ 1990-TALET

Denne kronologien inneheld berre terroranslag retta mot militære anlegg i demokratiske land som ikkje er i væpna konflikt eller mot demokratiske statar sine militære basar i andre land. For ein diskusjon av utvalskriteria, sjå innleiingskapitlet til denne studien.

- 1) **Juni 1989 - Vest-Tyskland** — IRA planta fem eksplosiv i ein britisk militærforlegning i Osnabrück i Tyskland. Fire av dei vart funne og desarmerte. Den siste bomba eksploderte, og valda omfattande skade. Hendinga skjedde fem dagar etter at to fengsla IRA- medlemmer i Osnabrück vart sikta. Aksjonen var eit ledd i ein lang serie IRA-attentat og attentatforsøk på britisk militært personell i Tyskland i 1989-1990.
- 2) **9. januar 1990 — Vest-Tyskland** — IRA skaut og drap to britiske soldatar i eit militært bustadkompleks i Münster i Tyskland og truga med fleire åtak på den britiske regjeringa og britiske militære mål verda over.
- 3) **25. februar 1990 — Storbritannia** — IRA utførte ein bombeaksjon ved eit *militært rekrutteringssenter* i Halifax. Eksplosjonen var årsak til omfattande materielle øydeleggingar, men ingen personskadar.
- 4) **5. mai 1990 — Vest-Tyskland** - IRA tok på seg ansvaret for eit mislykka bombeåtak mot dei britiske militærforlegningane i Hannover. Ein uvæpna sivil hundeførar greidde å stogge åtaket då han fekk auge på tre menn, som hadde laga eit hol i gjerdet rundt forlegningen i Langenhagen. Han utfordra mennene som flykta etter å ha avløyrt fire skot med Kalashnikov AK-47. To bomber som inneheldt 154 pund Semtex og ein detonator, vart funne i ein ryggsekk nær bustadbrakkene der 20 soldatar låg og sov. Mennene, frå First Postal and Courier Regiment, Royal Engineers, vart evakuerte.
- 5) **14. mai 1990 — Storbritannia** — IRA tok på seg ansvaret for ein bombeeksplosjon på parkeringsplassen utanfor Direktoratet for militær utdanning i Court Road i den søraustlege delen av London. Sju sivile vart skadde, og tre menn og to kvinner måtte på sjukehus. Ein høgtstående embetsmann brakk ribbeina. Bygningen og fleire bilar fekk store skadar. Ti pund plastiske eksplosiv vart funne nedgrovne i eit blomsterbed framfor inngangen til Direktoratet for militær utdanning i Court Road. Direktoratet ligg i valkrinsen til Peter Bottomley som er viseminister for Nord-Irland. IRA sitt PR-kontor i Dublin uttala at “ei aktiv avdeling planta ei innretning som inneheld over ti pund plastisk sprengstoff etter å ha gjennomgått nødvendige tryggleiksprosedyrar. Dette instituttet er eit anlegg som trenar offiserar i den britiske hæren i å oppretthalde det militære og koloniale overherredømmet i landet vårt”.
- 6) **9. juni 1990 — Storbritannia** — Sytten personar, inkludert åtte kvinner, vart såra då ei bombe gjekk av før midnatt på *taket til hovudkvarteret til artilleriet sitt æreskompani i London*, medan det vart halde eit privat 21-års fødselsdagsselskap. Ei kvinne fekk alvorlege skader i andletet og halsen p.g.a. flygande glasbitar. *Ingen tok på seg ansvaret for eksplosjonen, men IRA vart mistenkt.*

- 7) **14. juni 1990 — Vest-Tyskland** — Ei bombe øydela bygningar ved den britiske hæren sitt treningscenter nær Hameln.
- 8) **29. juni 1990 – Panama** – Medlemmar av 20. Desember- rørsle (M-20) skaut mot den amerikanske ambassaden og Marinehuset med maskingevær. Skota kom frå ein bil i fart, og valda ikkje store skader. Åtte 9mm kuler trefte ambassaden, medan sju trefte Marinehuset som ligg fem kvartal unna. Marinen svara ikkje på elden. Ein talsmann for M-20 ringte ACAN-EFE for å forklare at åtakinget var “eit svar på avrettinga av martyren Angel Benitez”, som han hevda var medlem av general Noriega sin dignitære bataljon og vart drepen under den amerikanske invasjonen den 20. desember 1989. “Martyrane etter invasjonen vil alltid leve i hjartet til fedrelandet vårt [...] Vi er ikkje Noriega- tilhengjarar, men nasjonalistar og revolusjonære.” Gruppa sendte seinare ein kommuniké til ACAN-EFE, der ho sa at målet med åtakinget var å “utføre ein koordinert aksjon mot fleire mål på same tid”. Gruppa tok også på seg ansvaret for eit åtak mot Unionsklubben, men funksjonærar nekta for at eit slikt åtak hadde funne stad. Gruppa sa at aksjonen var meint “å teste snøggleiken og reaksjonsevna til US Marines overfor eit koordinert åtak mot ambassaden og Marinehuset. [...] for å overvake trafikken av meldingar mellom den amerikanske sørkommando og dei allmenne panamanske styrkane”. Ramon Lima, eit panamansk regjeringsmedlem, sa at M-20 er sett saman av “personar som deltok aktivt i den psykologiske krigføringa mot det panamanske folket, som vert ført av regjeringa til Manuel Antonio Noriega og andre militære Noriega-loyalistar”. Han sa også at ein anonym oppringar hadde hevda at “parlamentsmedlem Balbina de Perinan var innblanda” i åtakinget, men at regjeringa ikkje så lett kunne undersøkje denne påstanden på den parlamentariske immuniteten hennar.
- 9) **26. september 1990 — Filippinane** — Venstreradikalarar avfyrte skot i lufta og fekk fleire bomber til å eksplodere nær det amerikanske flyvåpenet sin Clark-base. Dei valda ingen skader. Representantar for bykommunen Angeles uttala at dei væpna mennene vart observerte medan dei plasserte eit dusin eksplosiv ved MacArthur-motorvegen i nærleiken av den amerikanske luftbasen. Dei brann også bildekk på veggen. *Gruppa kravde at dei amerikanske styrkane skulle trekkje seg ut av landet.* Politiet fann plakatar som fordømde den nylege prisauken på olje.
- 10) **10.-11. oktober 1990 — Bolivia** — Kl. 23.05 skaut to medlemmar av Nestor Paz Zamora-kommandoen med *maskingevær frå bil mot den amerikanske marineresidensen i Miraflores-distriktet i La Paz. Dei drap ein boliviansk politimann og ein annan politioffiser vart liggande i koma etter skotskadane.* Dei kasta ei pakkebombe ved døra, som vart øydelagt og frontpartiet til bygningen krenka kraftig som ei følge av eksplosjonen. Ingen av marinesoldatane innanfor vart skadde. Politiet fann fem 9mm kuler frå automatvåpen og 40 hylser. Kl. 01.00 bomba dei John F. Kennedy – monumentet og øydela dette. To chilenske forbipasserande vart skadde. Nær åstaden fann tryggingpersonell eit raudt og svart flagg med påskrifta CNPZ som er akronymet til Nestor Paz Zamora-cella. *Gruppa sa at åtakinga var “eit svar på at imperialistar frå nord krenka landet sin territoriale og politiske suverenitet.”* Gruppa utstoda eit dementi av at dei hadde kontakt med narkotikahandlarar. Gruppa er oppkalla etter den avdøde broren til Bolivia sin president, Jaime Paz Zamora. Nestor organiserte ei mislykka geriljarørsle i 1970 og døydde av svolt under geriljakampanjen Teoponte.
- 11) **21. januar 1991 — Tyrkia** — Væpna menn overmanna vaktene og detonerte ei bombe ved

den amerikanske hæren si logistikkavdeling i Maslak-distriktet i Istanbul. Åtaket vart gjennomført om natta. Det var lite som kunne fortelje kva for funksjon bygningen hadde, sjølv om det stod "MTMC Outport Istanbul" på eit skilt på veggen. *Det Revolusjonære Venstre (Dev Sol) tok på seg ansvaret for åtaket, og uttala at "den væpna aksjonen vår var ein protest mot den amerikanske imperialismen si militærmakt, og ei åtvaring til dei lokale kollaboratørane"*. Den tyrkiske regjeringa hadde nyleg tillate luftåtak mot irakiske mål i samband med Golfkrigen.

- 12) 26 januar 1991 — Tyrkia** — Ein bil fylt med sprengstoff eksploderte nær luftbasen Incirlik, der amerikanske fly tok av før dei gjekk til åtak på irakiske militære mål. Det vart ikkje rapportert om skadar eller øydeleggingar.
- 13) [4.februar 1991 — USA** — *Bomber vart funne festa til ein metanoltank på ca. 3 800 000 liter og ein annan tank, som ville ha sendt ut giftig røyk dersom det kom hol på han. Tankanlegget ligg ca. 7.5 km unna Norfolk-basen - verdas største marinebase - og nokre kilometer unna Hampton Roads området, der eit dusin andre militære installasjonar er plasserte. Desse basane sende ut ca 40 000 soldatar til Operasjon Ørkenstorm. FBI etterforska om ei terrorgruppe var involvert i aksjonen, eller om det dreidde seg om ein vendetta mot Allied Terminals, Inc., selskapet som eigde tankane. Metanol er eit svært eksplosivt og brennbart stoff, som blir brukt i drivstoff, løysingsmiddel og frysevæske. Det vart oppdaga to røyrbomber som var festa til metanoltanken. Fire andre bomber var festa til ein ca. 11,4 mill liter stor tank, som var to tredjedels full av natriumsulfid, eit mindre brennbart kjemikalie. Lokalt politi evakuerte eit område på 1 ½ km² frå kl. 07.45, då dei første bombene vart funne festa til ventilane på tanken. Rundt kl. 12.00 vart det ringt inn ein falsk trussel til politiet om at ei anna bombe var plassert ved lagringstanken til Miller Oil, som låg i nærleiken. Det vart ikkje funne noka bombe der. Den 8 februar utelukka etterforskarar frå ATF (Det føderale byrået for alkohol, tobakk og skytevåpen) at motivet var politisk terrorisme. ATF rapporterte at seks bomber var funne. Seinare den dagen arresterte politiet Joseph Wayne Openshaw (36) frå St. Johns, Arizona, og Cecil Howard Ross (31), frå Ellicott City, Maryland. Dei vart fengsla utan høve til kausjon. Den 9. februar arresterte føderale politifolk Charles Edward Gresham Jr (57) frå Ellicott City, Maryland. Han leigde ein av lagringstankane. Saman med dei to andre vart han sikta for illegal bruk av sprengstoff, forsøk på mordbrann, og post- og telefonsvindel. Politiet hevda at Gresham var i ein desperat økonomisk situasjon, då han korkje fekk selt dei ca. 7, 6 mill liter med natriumhydrasulfid eller kunne betale dei \$ 66 000 i leige for tanken. Eit sivilt søksmål skulle ha vore fremma mot han den 4 februar, den dagen bombene vart oppdaga. Politiet meinte at forsikringssvindelen på \$ 2,7 millionar var planlagd allereie før Golf-krigen braut ut. Den 9 mai 1991 sa Gresham seg skuldig i tiltalen i den føderale distriktsdomstolen i Norfolk. Han gjekk med på å samarbeide med aktoratet om å oppklare saka. Gresham risikerte opptil 25 års fengsel og ei bot på \$ 750 000. Hendinga viste seg altså å vere ein forsikringssvindel og er teken med for å vise at visse typer vinningskriminalitet kan har sterke likskapar med terroraksjonar.]*
- 14) 5.februar 1991 — USA** — *Dagen atter at seks røyrbomber vart funne festa til enorme kjemiske lagringstankar, vart Norfolk- området i Virginia ramma av minst eit dusin falske bombetrugsmål. Men styresmaktene knytte ikkje trugsmåla til ei terrorgruppe. Ein innringar truga med å plassere ei bombe nær kaiene til skipsverftet Newport News, som heldt på å*

byggje 13 skip for den amerikanske marinen og reparere hangarskipet USS Enterprise. Inga bombe vart funne.

- 15) 21. februar 1991 — Spania** — *Dei Anti- Fascistiske Gruppene Første Oktober (GRAPO)* fortalde radiostasjonen SER at dei hadde *planta ei bombe, som øydela ein forsyningsrørleidning til ein felles spanskamerikansk marinebase ved Rota i Sør- Spania. Rørleidningen fekk mindre skader og vart reparert innan nokre få nokre timar.* Bomba gjekk av kl. 07.00 ved landsbyen Alcolea, ca. 400 km sør for Madrid. Leidningen vart bygd på 1950-talet for å knyte Rota saman med dei felles spansk- amerikanske luftbasane ved Moron nær Sevilla, Torrejon nær Madrid, og Saragossa i nordaust. Separatistgruppa ‘Baskisk Nasjon og Fridom’ (ETA) hadde gjennomført eit åtak på den same rørleidningen i desember 1984.
- 16) 23. februar 1991 — Japan** — *Tre prosjektil vart avfyrt mot eit bustadområde for amerikansk marinepersonell i Naka og Yokohama i morgontimane.* Eit prosjektil landa på ein plen etter å ha gått gjennom eit hustak. Det er ikkje rapportert personsskadar eller større øydeleggingar.
- 17) 18. mars 1991 — Tyskland** — *Ein bombeeksplosjon førte til mindre skader på ein militær rørleidning for drivstoff nær Emstek. Leidningen vart nytta av to tyske flyvåpenavdelingar, stasjonerte i Tyrkia under Golfkrigen.* Eksplosjonen førte til at 300 kubikkfot med flybensin lakk ut. Leidningen forsyner kampflyskvadronar, stasjonerte ved Ahlhorn og Olden. Det er ikkje kjent om nokon tok på seg ansvaret for aksjonen.
- 18) 26. mars 1992 — Sør- Korea** — *Tjue- tretti radikale studentar demonstrerte framfor inngangen til det amerikanske, militære bustadområdet Hannam. Dei kasta fleire brannbomber over hovudporten. Bombene gjorde minimal skade på ei gruppe familiebusstader og eit busskur. Ein amerikansk militærpolitimann som var på vakt, fekk lettare skader då han vart råka av flygande glasbitar.*
- 19) 25. april 1991 — Sør- Korea** - *Under ein protestdemonstrasjon kl. 07.00, kasta femti universitetsstudentar tjue brannbomber mot ingeniørkorpset til den amerikanske hæren sin toetasjes bygning i sentrum av Seoul, før dei la på sprang. Ingen skadar er rapporterte.*
- 20) 29. mai 1991 — Spania, Barcelona** — *ETA (‘Baskisk Nasjon og Fridom’) tok på seg ansvaret for ei bilbombe som eksploderte nær ei Guardia Civil (ei paramilitær politieining) forlegning nær Barcelona og drap 9 personar og såra meir enn 50 menneske.*
- 21) 8. juni 1992 — Panama** — *Tre menn avfyrt seks skot og kasta ei lita bombe mot Curundiporten ved ein amerikansk flystasjon, der President Bush skulle tale til amerikansk marinepersonell og deira familiar seinare i veka. Skota vart avfyrt kl. 06.00 frå ein personbil i fart. Ingen personskadar er rapporterte.* Bakporten på Albrook flystasjon i utkanten av Panama City vart noko øydelagd i bombeeksplosjonen, men bomba var lita og inneheld ikkje splintar. *20. Desember-rørsla, ei anti-amerikansk gruppe som har teke namn etter den amerikanske invasjonen av Panama den 20. desember 1989, tok på seg ansvaret for aksjonen.*
- 22) 14. juni 1992 — Panama** — *20. Desember- rørsla var truleg ansvarleg for ein aksjon der ei bombe vart kasta frå ein personbil mot eit drivstofflager tilhøyrande den amerikanske*

marinen. Åtaket fann stad ved Loma Cova i utkanten av Panama City og var meint som ein protest mot besøket til President George Bush. Bomba eksploderte ikkje og vart detonert av politiet. Gjerningsmennene sette kursen mot La Chorrera. Sprengladningen var merka med “Dec-19, M-19” og “Dø Yankee” (på spansk).

23) 1. juli 1993 — Japan — Ein heimelaga rakett vart avfyrt mot den amerikanske flystasjonen Yokota nær Tokyo, kl. 03.00. Raketten eksploderte for tidleg, og øydela veggene på ein fireetasjes bustadblokk under oppføring ca 300 m unna. Minst 20 vindauge i andre, tredje og fjerde etasje vart knuste. Ingen personskadar vart rapporterte. Politiet fann delar av ei tidsinnstillingsmekanisme i fjerde etasje på bygningen. Vitne fortalde politiet at dei såg tre eller fire menn forlate byggeplassen med bil, rett før eksplosjonen. Politiet hadde mistanke om at åtaket var ein protestaksjon frå venstreradikalarar mot G7-møtet i Tokyo 7.-9. juli. I 1986 avfyrte den ekstreme, venstreorienterte gruppa *Chukaku-ha* (‘Midtkjerne’-fraksjonen) eit prosjektil mot Yokota-basen, få dagar før Det andre økonomiske toppmøtet i Tokyo. Den 3. juli erklærte den venstreradikale *Kakurokyo* (‘Revolusjonære Arbeidarar’ – fraksjonen) at åtaket var ein protest mot det planlagde G7-møtet. Gruppa sa at hendinga var “det første åtaket som skal bidra til å knuse Tokyo-møtet”.

24) 2. september 1993 — Italia — Tre aktivistar frå Raude Brigadar bomba den amerikanske NATO-flybasen i Aviano. Sju skot og ein handgranat gjorde mindre skader på sovekvartera ved basen. Fleire nyhendebyrå mottok telefonar etter at det hadde vore stille frå gruppa i fleire år. Meldingane avslørte dei siste tre numra på skiltet til den stolne Saaben som terrorgruppa hadde nytta. Bilen vart attfunnen den 4. september, og inneheldt ladeklips for ammunisjon og delar av ein handgranat. Den 21. november arresterte agentar frå “Divisjonen for generell etterforsking og spesialoperasjonar” (DIGOS) Ario (eller Alfio) Pizzarelli (39), eit medlem av den “harde kjernen” i Walter Alasia-cella av dei Raude Brigadane, i Brescia. Pizzarelli hadde tidlegare sona 10 år i fengsel for medlemskap i ein væpna bande, men vart lauslaten i januar 1993. Fram til no er åtte personar er arresterte for åtaket på NATO-basen. Milano-avisa *Il Giornale* skreiv at det såg ut til at Pizzarelli ikkje hadde delteke i åtaket sjølv, men at han var den “politiske rettleiaren” og “propagandisten” for operasjonen. Han hadde sørgd for å få delt ut brosjyrar, der gruppa tok på seg ansvaret for åtaket i Milano og andre byar. Arrestasjonen av Pizzarelli kom etter lengre politiovervaking og telefonavlyttingar.

25) 17. april 1994 — Korsika, Frankrike — Terroristar utløyste ein granat framfor politistasjonen i Pietrodicerce og ei bombe utanfor militærbasen Solenzara nær Bastia, kl. 03.00. Dette var første gongen bombemennene hadde greidd å kome innanfor dei ytre gjerda, som er omgjevne av piggtråd og vaktårn. Bomba var årsak til omfattande skade på kontoret til kommandanten ved luftbasen. Oberst Jackie Cognet hadde allereie vore utsett for eit åtak den 15. april, då ein granat vart kasta frå ein bil mot heimen hans. Granaten valda ingen skade. Politiet gjorde framlegg om at åtaka var knytte til forsvarsminister Francois Leotard si vitjing til Korsika den 18. april.

26) 1994 — Hellas — Den greske gruppa *17 November Revolusjonære Organisasjon* (N17) etablert i 1974 i opposisjon til den dåverande greske militærjuntaen, har utført ei rekkje åtak på vestleg militært personell i Hellas. I 1994 gjennomførte N17 eit rakettåtak mot eit britisk krigsskip HMS Ark Royal ved kai i Piraeus.

- 27) 10. januar 1995 — Italia** — ei bombe vart detonert framfor bygningen som husa *NATO Defense College* i Roma. Same kveld var kopiar av ein åttesiders bulletin frå *Raude Brigadar* (BR) funne i fleire provinsar, der gruppa ‘Stridande kommunistiske celler’ tok på seg ansvaret for aksjonen på vegne av *Raude Brigadar*. Ingen vart drepne eller skadde i aksjonen.
- 28) 10. juni 1995 — Seoul, Sør- Korea** — Under ei periode med antiamerikanske demonstrasjonar, vart det kasta ei brannbombe over muren til Hannam Village — eit militært amerikansk bustadkvarter i Itaewon-området. Hendinga skjedde kl .04.30 om natta og resulterte ikkje i betydelege øydeleggingar.
- 29) 25. juni 1996 — Saudi Arabia** — Kl. 22.28 eksploderte ei *tankbilbombe* ved det amerikanske militærkomplekset i al-Khubar, nær Dhahran. 19 amerikanske flygarar vart drepne og 547 sårar. Blant dei sårar var det nesten 250 amerikanarar, ca 150 saudiarabarar og 150 gjestearbeidarar, dei fleste frå Asia. Under etterforskinga vart det funne ein utløyssar tilsvarande den typen den shi’ittiske gruppa *Hizbullah* plar anvende i aksjonane sine. Mange mistenkte lokale saudiarabiske islamistar, kanskje med hjelp frå Iran. *Det amerikanske forsvarrets spesialvåpenbyrå (Defense Special Weapons Agency) rekna ut at eksplosjonen tilsvara 20 000 pund dynamitt, eit tal som vart støtta av Institutt for forsvarsanalyse (Institute for Defense Analysis). Eit anna etterforskingsslag frå Forsvarsdepartementet vurderte derimot bomba til å tilsvare ca 5,000 pund, basert på dokumentasjon frå åstaden.*
- 30) 28. juni 1996 – Tyskland** –IRA tok på seg ansvaret for å ha avfyrt *tre bombekastargranatar mot den britiske hærbasen nær Osnabrück*. Berre ein av sprengladningane detonerte. Ingen vart skadde i åtaket. Ei kunngjering om terroraksjonen var signert med namnet P. O’Neill, ein tradisjonell signatur i IRA sine erklæringar. IRA hadde gått til åtak på dei same militærforlegningane i 1989, då dei utløyste ei bombe som øydela ein sovesal.
- 31) 29. juni 1997 – Italia** – Ei lita røyrbombe gjekk av kl. 21.30 inne i Camp Darby, den amerikanske militærleiren i nærleiken av Pisa i Italia. Bomba var plassert i ei papirkorg på postrommet. Øydelegginga var minimal, og ingen vart skadde. Hendinga fann stad mot slutten av eit årleg nidadags arrangement “Karneval Q 97”, då leiren var open for hundrevis av sivile besøkande.
- 32) 25. september 1998 – Seoul, Sør Korea** – *Valdeleg demonstrasjon*. Førte demonstrantar frå Kunsan Borgar- foreining starta ei antiamerikansk markering utanfor militærbasen i Kunsan, kl 13.30. Medan representantar for dei amerikanske styrkane var på veg inn i militærbasen sitt gjestesenter for å ta imot eit brev frå demonstrantane, brukte to medlemmar av Borgarforeininga brekkjern og greidde å bryte opp låsen til hovudporten. Resten av demonstrantane storma porten og trengte seg inn på baseområdet med tvang. Opprørspoliti kom til for å kaste ut inntrengjarane, og det vart slåsskamp. Kampen var uavgjort i 45 minutt, medan demonstrantane gjorde hærverk ved å skrive antiamerikanske slagord med raud maling på vaktskuret ved hovudporten, gatestrekninga framfor skuret og eit skilt framfor basen der det stod “Welcome to Kunsan Army Base”. Kl 15.20 gjekk demonstrantane med på å trekkje seg attende, dersom brevet deira vart teke imot. Brevet vart motteke kl 15.40, utan at det kom til fleire konfrontasjonar.
- 33) 12. oktober 2000 — Yemen** - *Eit amerikansk krigsskip, USS Cole, vart utsett for eit åtak frå*

*ein sjølvordskommando, som ramma skipet ved hjelp av ein gummibåt fylt med sprengstoff. Tretten amerikanske marinegastar vart drepne og 33 vart skadde. (Talet på døde er seinare rapportert å vere 19.) Ein trur to menn var om bord i den vesle båten, som angreip skipet. Sjølv om ingen har teke på seg ansvaret for aksjonen, er det mistanke om at Usama Bin Laden sin organisasjon, *al-Qa'idah* ('Basen'), stod bak planlegginga og finansieringa. Eksplosjonen skjedde kl. 12.15 lokal tid, då ein liten båt — visstnok ein Zodiac gummifarkost — la seg inntil sida på Cole, tilsynelatande for å hjelpe til med forankringslinene. Vitne seier at dei såg to menn stå vaktsame i båten berre nokre augneblink før detoneringa. Amerikanske styresmakter handsamar hendinga som eit sjølvordsåtak. Amerikanske tryggingsskjelder meiner at åtaket må ha vore godt planlagt. USS Cole er ein tungt væpna og godt sikra farkost. Skipet var på veg til Den persiske Golfen for å handheve sjøblokaden av Irak og hadde stogga i Aden for å fylle drivstoff. Bunkringsstansen var berre meint å vare mellom fire og seks timar og hadde ikkje fått mykje omtale. Jemenittiske styresmakter fekk melding om opphaldet mindre enn to veker på førehand. Bombemennene må ha planlagt åtaket sitt på kort varsel, og ha vore i stand til å infiltrere hamna på eit egna tidspunkt. Dei må dessutan ha visst kva for del av skipet dei skulle ramme og ha hatt detaljerte kunnskapar om korleis dei skulle lage ei bombe som var sterk nok til å trengje gjennom det solide skipsskroget.*